



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

## Miljøvernavingdelinga

Vår ref.: 2010/2071  
Arkivnr.: 522.0

Dykkar ref:  
Vår dato: 19.05.2010

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.	Doknr.
2610/100067-119	
Mottatt:	21 MAI 2010
Saksdep.	Arkiv
Kopi:	410

Fylkesmannen i Rogaland har gått igjennom framlegg til endring av forskrift om nydyrking, og stør i hovudsak forslaget slik det er formulert.

Vi har likevel nokre kommentarar og synspunkt sett frå vår ståstad vi bed LMD vurdere ved slutthandsaminga av saka.

For å få eit overslag over mogeleg dyrkbart myrareal, har vi gjennomført ei GIS-analyse der myrareal i AR5 over 2 dekar i 300 meters radius frå eksisterande jordbruksareal er kartlagt. Sona på 300 meter er sett ut frå tankegangen om at areal nærast allereie eksisterande jordbruksareal truleg er mest aktuell som nydyrkingsareal. I dei fire kommunane Bjerkreim, Hå, Hjelmeland og Vindafjord ligg det totalt om lag 38.500 dekar myrareal innanfor ein radius på 300 meter frå jordbruksareal, sjå vedlegg 1 -4. Med ei breiare sone, vil myrarealet auke betydeleg.

På dei fleste bruka med myrareal vil det truleg vere alternative nydyrkingsareal, men ikkje på alle. Dette gjeld særleg i område der det på tilgrensande areal også er registrert mange andre naturkvalitetar. I 2003 gjennomførte Fylkesmannen ei evaluering av Forskrift for nydyrking, jf. rapporten "Evaluering av Forskrift om nydyrking. Effektar på miljøverdiane på Jæren, i Vindafjord og Bjerkreim." Her vart potensielt areal for fulldyrking kartlagt saman med miljøverdier. I enkelte område er det stort overlapp mellom aktuelle nydyrkingsareal og miljøverdier. Dersom føresetnaden er at det ikkje skal gjevast løye til nydyrking på areal med store miljøverdier og heller ikkje på myr over 2 dekar, uavhengig av miljøverdiane, vil dette kunne få konsekvensar for moglegheita til å utvikle landbruket i enkelte område.

I Rogaland er det dei siste åra dyrka lite myrareal i høve til potensialet nemnt ovanfor. Dette skuldast nok at det er relativt lite myr att i dei delane av fylket der dyrkingspresset er størst, og då særleg på Låg-Jæren. Dei fleste sakene gjeld små myrareal og ofte vil verdier knytt til fugleliv og anna biologisk mangfald vega tungt når saka skal vurderast (rikmyr, kystnær myr). Mykje av nydyrkinga i Rogaland dei siste åra har skjedd på kulturbeite, overflatedyrka mark og noko fukthei.

Eit forbod mot nydyrking av myr over 2 dekar slik det er føreslått, vil i nokre område kunne auke presset på areal med natur- og kulturminneverdier som ikkje har det same "vern" i forslag til ny nydyrkingsforskrift som myr vil ha. Vi trur likevel at dette ikkje gjeld mange stadar i Rogaland.

Det har vore trekt fram at ein ved god dyrkingsteknikk kan unngå store utslepp av CO2 ved å dekke til myrmassane med tett grus/mineraljord og slik "hermetisere" myrmassane. Vi trur dette i teorien er rett, men er tvil om det er praktisk mogeleg å gjennomføra, mellom anna av

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Hjemmeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

økonomiske grunnar. Vi vil likevel oppmode departementet om å greie ut om det er tilstrekkeleg fagleg grunnlag for å differensiere forbodet ut frå kjend dyrkingsteknikk.


I brev frå Landbruks- og matdepartementet er det nemnt at forbod mot nydyrking ikkje bør gå lengre enn det som er naudsynt for å sikre klimahensyn. På bakgrunn av dei store areala dette legg begrensing på, vil Fylkesmannen be departementet vurdere om det bør leggest til ein ny paragraf som gjer det mogleg å dispensere frå eit totalforbod om nydyrking slik forslaget no ligg føre. Eit totalforbod vil kunne slå negativt ut for fleire gardsbruk, som ut frå gjeldande forskrift kan få godkjend nydyrking av myr for å skape betre driftsmessig løysing for eige bruk. Omsynet til driftsmessig gode løysingar, og potensiale for framtidig matproduksjon må vurderast mot risiko for og omfang av klimaskadeleg utslepp. Ved avveginga om det skal vere mogeleg å få dispensasjon frå forbodet, er det naturleg og å vektleggje andre positive sider ved myrområda – mellom anna : levestad for trua plantar og dyr, vassreservoar, buffer mot flaum, reinseareal for avrenning av næringssalt frå landbruket sjølv og landskapselement.

Vidare vil Fylkesmannen peike på at det i Rogaland også skjer ei omdisponering av myrareal, til dømes til bustadfelt, vegareal m.m. Sett i eit klimaperspektiv, er det Fylkesmannen si vurdering at same regler må gjelde for utbyggjarar og kommunar som for dei enkelte landbruksføretaka. Dersom det vert innført forbod mot nydyrking av myr for landbruksføretak som føreslått, bør same regel innarbeidast i plan- og bygningslova for å hindre omdisponering av myrareal til utbyggingsføremål. I tilfelle dette blir gjort, må det stillast krav til at torvlaget vert grave ned og ”hermetisert” innan ein gitt tidsfrist.

### Oppsummering

- 1) Fylkesmannen i Rogaland stør framlegget til dyrkingsforbod av myrareal over 2 daa.
- 2) Vi bed likevel Landbruks- og matdepartementet vurdere opning for dispensasjon, og gi føringar for korleis omsyn til driftsmessig gode løysingar og potensiale for matproduksjon skal vektast mot klimaomsyn i tillegg til natur – og miljøomsyn som ligg i gjeldande forskrift. Vi syner også til prinsippa i Natumangfaldlova §§ 9-13.
- 3) Ut i frå eit klimaperspektiv, er det Fylkesmannen si vurdering at prinsipielt same regel for bevaring av myr bør gjelde, uavhengig av type tiltak. Det vil seie at det i utgangspunktet bør vere strenge reglar for omdisponering/omregulering av myr også til utbyggingsføremål.

Avslutningsvis til Fylkesmannen be Landbruks- og matdepartementet vurdere innretninga i nydyrkingsforskrifta der Fylkesmannen etter forskrifta skal gi ei fråsegn i saker der nydyrkinga kan få følgjer for miljøverdiar, jf. § 9, og der same Fylkesmann er klageinstans, jf. § 11. Fram til 31.12.09 fungerte fylkeslandbrukstyra som klageinstans for saker etter nydyrkingsforskrifta. No er denne funksjonen overtatt av fylkesmennene. Fylkesmannen i Rogaland meiner det er forvaltningsmessig uheldig og lite truverdig at Fylkesmannen både har ansvar for å gi fråsegn i ei sak, og deretter også handsame ein eventuell klage.

  
Harald Thune  
fylkesmann

  
May Brit Jenssen  
fylkesmiljøvernshjef

*Saksbehandlarar: John Inge Johnsen og Synnøve Hognestad*  
*Saksbehandlars telefonar: 51 56 89 09/51 56 89 86*  
*E-post: [john.inge.johnsen@fmro.no](mailto:john.inge.johnsen@fmro.no)/[synnove.hognestad@fmro.no](mailto:synnove.hognestad@fmro.no)*

Kopi: Miljøverndepartementet  
Direktoratet for naturforvaltning